



# DOVRE BIBLIOTEK

## VÅRPROGRAM



## PROGRAM FOR VAKSNE

### Bibliotekkonsert

15. februar kl. 12

Sjå og hør litt av det Lesja og Dovre kulturskule har å by på. Det blir ein variert konsert som du heilt sikkert ikkje vil gå glipp av! Gratis og ope for alle.

### Draumar og liv i skuggen av Grønlands sjølvstyre

17. februar kl. 18

Grønlandske Jens-Pavia har segla som styrmann over heile Grønland, vore is-observatør, vandre- og kajakkguide på amerikanske basar, guide i eiga bedrift, og drive moskus- og reinsjakt. Jens-Pavia har sett landet innanfrå og utanfrå, og gjev her ei personleg beretning om oppvekst, draumar og liv i eit fantastisk og unikt land.

### Open lesesirkel

10. mars, kl. 18.

Her treng du ikkje førebu deg. Du kan berre lytte, nyte, eller delta i diskusjonen rundt teksta. Fokuset er på å dele tekstopplevelinga saman. Tekstane blir ikkje annonsera på førhand, slik at møtet med tekstane blir umiddelbar for alle i gruppa. Vi les ei novelle og eit dikt kvar gong. Uforpliktande oppmøte.

### Beredskapshagen - få mat ut av plenen

31. mars kl. 18.

Anders og Barbro Nordrum står bak bloggen Datsja, og viser veg i erfaringar frå det gamle Austeuropa. Dei vil styrke eigenberedskapen i befolkninga, og vise korleis plenar kan bli kjøkenhagar som utgjer ein forskjell. Dei gjev og ei innføring i korleis få fruktbar jord ved hjelp av lokale og minimale ressursar. Gratis

### Bok-kalas

7. april kl. 18

Eldrid, Olaug og Signe kjem med hurtigtips om dei nyaste bøkene. Det blir kjappe omtalar, kor mange rekk vi på 1,5 time? Vi tek utfordringa! Her blir det noko for ein kvar smak. Enkel servering og god stemning. Bli med på fest!

### Naturparadokset

9. april kl. 19.

Journalist og forfattar Marit Beate Kasin skriv om naturtap i Naturparadokset. Har hyttedraumen blitt naturens mareritt? Utforsking av interesseomsetningar og truga natur. I samtale med Kari Utgaard Arrangør: Gudbrandsdalsmusea.

### Den store klesbytedagen

28. april kl. 18

Byt inn klede du ikkje lenger bruker - kanskje får du nye favorittar i retur. Ta med inntil sju freshe, reine og heile plagg. Lever inn heile veka før, så alt er klart til marknaden opnar. For barn, ungdom, dame og herre. Uavhenta klede blir levert til velgjerd. Det blir også fikse-stasjon der du kan reparere klede, sy i knapp, osv. Ta med ekstradeler som knappar og glidelås sjølv. I samarbeid med: Dovre husflidslag

### Forfattarmøte med Jørn Lier Horst

Meir info kjem

Vinterles-forfattar i år er Jørn Lier Horst. Lesja kulturhus. Inngang kr. 100,-

### Plantebytemarknad

2. juni kl. 18.

Har du overskot av tomatplantar men vil ha fleire urter? Kanskje du vil byte chili mot agurkar? Ta med plantar, og byt dei inn i lodd hjå oss, som du igjen kan byte i andre plantar. Sofia Elm frå Avdem Gardsgrønt er også på plass for å svare på spørsmål frå alle dyrkeglade!

## KONTAKT

bib@dovre.kommune.no  
61 24 26 90

#dovrebib



facebook.com/dovre.folkebibilotek



# PROGRAM FOR BARN

## Kino på biblioteket

1. februar kl. 12

"Den store stygge reven" For alle aldre. Norsk tale, Norsk tekst  
Spillefilm, 2017, 1t 23min

## Lesestund og kveldsmat

10. februar kl. 17.30

Solveig Siljehaug Hågå les fine forteljingar, og vi set fram kveldsmat. Påmelding innan 9. februar til [bib@dovre.kommune.no](mailto:bib@dovre.kommune.no).  
3-7 år, men søsker er også velkomne.  
Ta kveldsmaten på biblioteket denne kvelden.

## Perleverkstad

22. februar kl. 11-14/24. februar kl. 12-18 Vi set fram perler i alle fargar, perlebrett og fine mønster. Gratis.

## Songstund og graut

17. mars kl. 17.30

Bli med på ei morosam songstund med Martine Haugen frå kulturskulen. Syng med på kjende melodiar og leik med musikk. Meld deg på innan 16. mars til [bib@dovre.kommune.no](mailto:bib@dovre.kommune.no).  
3-7 år, men søsker er også velkomne. Gratis. Ta kveldsmaten på biblioteket denne kvelden!

## Den lille jeg er meg

24. mars kl. 10, Dovre bibliotek/kl 12.00 Dovre barnehage

Ei teaterførestilling med dukker og figurar med temaet "du er god nok som du er". Med Barnehageteateret. Frå 2 år. Gratis.

## Kino på biblioteket

29. mars kl. 12

"Gubben og katten: Glemligheter"

For alle aldre. Norsk tale.

Spillefilm, 2009, 1t 10 min

## Påskeverkstad

12. april kl. 12-14/14. april kl. 13-17 Pysanka er ein tradisjonell ukrainsk teknikk for å måle påskeegg der ein nyttar voks. Du kan også lage deg fine påskefigurar av papir. Ta gjerne med deg ferdig blåste egg. Gratis.

## Boklek

6. mai kl. 9

Alle førskuleungar i Dovre inviterast til Boklek. Her får dei møte forfattar Martine Grande som fortel og teiknar frå boka si "Stor". I samarbeid med Norsk Litteraturfestival og Innlandet fylkesbibliotek.

DU KAN PUSLE, SPELE BRETTSPEL, BYGGE MED LEGO OG KLOSSAR, OG KOSE DEG MED BØKER I LESEHUSET.

## TILBOD FOR UNGDOM

### Spillsenter

Er du 4. klassing eller eldre kan du prøve deg på Spillsenteret vårt. Gaming pc-ar og X-boxar. Ope når biblioteket er ope.



### Ungdomsklubb

Onsdagar frå 18-20 blir det ungdomsklubb for 5. til 7. klasse på biblioteket.

### Ungdomsavdeling

I ungdomsavdelinga kan du spele biljard, mange ulike brettspel eller Nintendo Switch.

# OPNINGSTIDER

Måndag 12-18

Tysdag 10-15.30

Torsdag 10-15.30

Fredag 10-15.30

Laurdag 11-14

Biblioteket er samlokalisert med Norddalsarkivet som er ope onsdagar 14-18.



## DIGITALE TENESTER



Aktiver tilgang via appen, opprett konto, og få tilgang til 90 populære magasin i sju dagar om gongen.



Sjå film på filmstraumetenesten til biblioteka. Velg bland titlar for barn, ungdom og voksne. Klassikrar, Oscar-vinnrarar og "blockbustere".



Lån e-bøker og e-lydbøker.